

Trådløs sone

Varmepumpe

Notemapper

Nytt datasystem

TUSSA linjer

NR. 5 – SEPTEMBER 2005



Trådlaust fritidsliv

Ved Fosnavåg Brygge er det sett i gang eit pilotprosjekt med trådlause sone for breiband. Om du har berbar datamaskin kan du kople deg opp mot internett og lese e-post, betale rekningar, ringje eller lese nyhende, utan å nytte ein einaste kabel.



Prosjektet med trådlause soner er basert på trådlause breibandsteknologi (WLAN), og gjev deg høg fart på dataoverføring gjennom radiosignal. Ein av fire fritidsbåtar har i dag PC om bord, og Otto Sande som driv Fosnavåg gjestebrygge ønskte å tilby desse kundane trådlause breiband. Tilbakemeldingane han får frå brukarane er positive.

– Dette betyr mykje for dei som har fritidsbåtar. Spesielt ser vi at i båtar der det er ungdom med, er det også datamaskiner. Vi håpar at det etterkvart også kan verte eit tilbod for yrkesfiskarar. Reiarane i distriktet saknar høve til å bruke trådlause breiband, seier Sande.

– Tilbodet om trådlause breiband er elles med på å skape handel. Bryggjene i seg sjølv er eit samlingspunkt. Her ser vi dei eldre som startar dagen med å sjå etter kva båtar som er inne, og let praten gå kring det. Samstundes treff tilbodet med trådlause soner dei som har trong for rask kommunikasjon med verda elles. Under båt-treffet som Herøy kystlag arrangerte i byrjinga av september, var mellom andre mannskap frå sjøforsvaret ivrige brukarar.



– Vi håpar dette vert eit tilbod også for yrkesfiskarar, seier Otto Sande i Restaurant Fosnavåg Brygge.

Tussa har i prøveprosjektet sett opp ei mottaksantenne ved bryggjene, og denne har dekning i ein radius på om lag 200 meter. I prosjektet er det lagt vekt på å teste ut fart, funksjonalitet og tilgjenge. Så lenge dette er eit prøveprosjekt er bruken gratis, men dersom det vert ei permanent etablering vil det bli mogleg å kjøpe brukartid på fleire måtar. Pilotprosjektet vert avslutta i desse dagar, og i løpet av hausten vil det bli avgjort om det skal etablerast fleire trådlause soner i regionen.



– Med varmepumpa plassert her i trappeoppgangen varmar ho opp både hovudetasjen og kjellaren, seier Arne Klepp.

Komfortabel og rein varme

Arne Klepp har brukt varmepumpa frå Tussa i snart tre år, og deler meir enn gjerne erfaringane sine med andre.

– Eg er svært fornøgd. Når vi er ferdige på arbeid har pumpa vore i sving i fleire timar allereie, og varma opp huset slik at det er varmt og godt når vi kjem heim. Vi har opa løysing heime, og plasseringa i trappeoppgangen gjer at vi får ein jamn og god varme i begge etasjane, seier Klepp, og legg til at planløysing og plassering er to viktige faktorar ein må tenkje på når ein skal kjøpe varmepumpe.

– Vi merkar også at innelufta vert reinare. Pumpa har filter som fjernar støv frå lufta, og det merka vi godt etter at ho kom på plass. Vi ser det også, når vi tek filtera ut og reinsar dei. Dessutan er det greitt å bli mint på å skifte filtera innimellom, og Tussa sender oss nye filter og batteri til fjernkontrollen ein gong i året. Det er ei god ordning, for då får vi filtera rett i postkassa når

det er på tide å skifte dei, konstaterer han.

Snakket om at varmepumper gjev tørr inneluft, seier han seg berre delvis einig i.

– Køyrer ein pumpa på full effekt kan det kanskje bli litt tørrare luft, men ikkje så mykje at det merkast noko særleg. Ikkje bråkar ho merkbart slik ho står montert heller, seier han, og viser til det som berre er ei svak susing frå pumpa.

Arne Klepp har ikkje varmepumpe berre for komforten sin del. Med varmepumpe frå Tussa, kombinert med ei bevisst haldning, har han og kona gjort sitt for å spare straum. Og kraftforbruket er redusert med om lag 30 prosent.

– Eg er oppteken av kraftforbruket her i landet, og meiner vi nordmenn sløser for mykje med krafta. Vi har vore for godt vande med rimeleg kraft, og lagt oss til eit alt for høgt forbruk!, påpeikar Klepp.

Ny sjanse

Som kjent gjev Tussa ei krone for kvar målarstand som vert innmeld gjennom websidene våre, til kreftarbeid ved Volda Sjukehus. Til no i år er summen komen opp i over 16 000 kroner, og no kjem ein ny sjanse for deg som vil hjelpe. Ny målaravlesing er mellom 4. og 10. november. Nytt websidene til avlesinga og støtt sjukehuset, du også!



TUSSA

www.tussa.no

Notemapper til korpsa

Det var stor glede i Hareid skulekorps då Anne Holstad frå Tussa leverte ut notemapper til Daniel Moldskred Strand. 1300 glade musikantar i korps over heile Sunnmøre har fått notemapper frå Tussa i haust, og etter smilet å dømme fall mappene i smak!



Daniel Moldskred Strand og Anne Holstad.

Enklare å vere Tussa-kunde

I byrjinga av oktober skal vi byte ut eit av datasystema våre, slik at vi kan bli ein betre og meir fleksibel leverandør for deg. Dette inneber at alle de som kjøper meir enn eit produkt frå Tussa, får samla alt på ein felles faktura frå oktober av. Faktura vil bli sendt ut kvar månad, slik at beløpet som skal betalast inn ikkje skal bli for høgt.

Er du ein av dei som berre kjøper straum av oss, vil du ikkje merke noko endring. Du vil få fakturaen tilsendt annankvar månad, som før.

I samband med omlegginga må vi denne gongen skuve fram forfallsdatoen på fakturaen din med ei veke i høve til det som er normalt. Difor er forfall denne gongen sett til 3. oktober.

Tussa leverer ei lang rekkje produkt som skal gje kundane tryggleik og komfort 24 timar i døgnet.

Energi

Tussa tek ansvar for at kunden alltid har tilbod om den beste samansetjinga av produkt, både med omsyn til økonomi og miljø.

Kommunikasjon

ved hjelp av ulike former for digitale signal for å dekkje behova for å minimalisere avstand.

IT

for å gje gode og effektive løysingar for lagring, utveksling og gjenfinning av data og informasjon.

Meir informasjon om Tussa og dei einskilde produkta finn du på www.tussa.no

Sentralbord:

Tlf. 70 04 62 00

Vakttelefon:

Tlf. 70 04 61 11

Du kan og gjerne ringje oss på **Kundeservice** tlf. 70 04 63 00
Nettenester tlf. 70 04 61 00

Opningstider:

måndag–torsdag
kl. 08.00–kl. 16.00
fredag kl. 08.00–kl. 15.30

Automatisk målaravlesing,
gratis tlf. 800 30 880